



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato 23.10.2018
Møtetid: Kl. 15.00 - 17.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	A
Vidar Tveiterås	A
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Ingvild Raftevoll Bogevik	FRP
Karl Bård Kollbotn	FRP
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Jon Magne Bogevik	UAVH

Møtenotater:

Andre som var tilstades på møtet:

- Ass.rådmann Hilde-Lill Våge
- Planleggar Roald Aandahl
- Byggesakshandsamar Nina Fredriksen (sak 015/18)
- Landbrukssjef Øystein Svalheim (sak 014/18)

Protokollmerknad frå Karl Kolbotn (Frp)

Sak nr. 017/2018 - Dispensasjon fra byggegrense mot vassdrag

Samnanger FrP vil IKKJE gje dispensasjon i nokon av punktene som det kreves dispensasjon for i dispensasjonssøknaden til Naturutvalet i sak nr. 017/2018.

Grunnen er som følger: FrP vil kreva ei utreiining i.f.t. om fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering av denne dispensasjonen.

I dokumentasjonen som er lagt ved, er det ikke kome fram vurderingar som konkret beskriv korleis sikkerheita skal ivaretakast – dette er kun anbefalingar. Samnanger kommune har ikkje lagt ved konkrete løysingar som gjer at Naturutvalet i Samnanger kommune kan fatta vedtak som regelverket krev. Også i forhold til om hensynet bak bestemmelsane det vert søkt avvik fra i denne dispensasjonssaken – vert vesentleg tilsidesett i.f.t. regelverket. I tillegg er det avvik på flere 100% i forhold til arealplanen som nyleg vart vedteken i Samnanger kommune - der seier reglane klart: *«Byggjegrans langs mindre bekker utan dokumenterte natur- eller ålmenne interesser som renn gjennom etablert/regulert busetnad i byggeområde er 5 meter»*. I søknaden om dispensasjon er det søk om: *"Det skal ikkje byggjast nærere enn 1 meter frå vasstrengen"*. Det tyder i klartekst at "Elvebekken" må fjernast heilt i frå det aktuelle området og erstattast med store betongrør.

Samnanger FrP viser også til utsnitt frå plan- og bygningsloven, der etter FrP si mening Samnanger kommune bryter med vesentlege reglar det er henvist til under:

I.h.h.t §19-2 som lyder (utsnitt): «Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler».

«Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet».

I.h.h.t. § 1-8 som lyder (utsnitt): «I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser».

I.h.h.t. § 11-9 nr. 5 som lyder: «byggegrensar, utbyggingsvolum og funksjonskrav, herunder om universell utforming, leke-, ute- og oppholdsplasser, skilt og reklame, parkering, frikjøp av parkeringsplasser etter § 28-7 og utnytting av boligmassen etter § 31-6»

I.h.h.t § 11.11. nr.5 som lyder: «at det for områder inntil 100 meter langs vassdrag skal være forbudt å sette i verk bestemt angitte bygge- og anleggstiltak. I slikt område kan det også gis bestemmelser for å sikre eller opprettholde kantvegetasjon, og for å sikre allmennhetens tilgang til strandsonen»

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 26.10.2018

Karl Bård Kollbotn
leiar i utvalet

Hilde-Lill Våge
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
013/2018	18/1568	Faste saker	
014/2018	18/903	GBNR 32/4 - Handsaming av klage på konsesjonsvedtak	
015/2018	18/1562	Forslag til parkeringsplan	
016/2018	18/554	Fastsetjing av planprogram for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet - Kvamskogen	
017/2018	18/838	Dispensasjon frå byggjegrænse mot vassdrag	

SAKNR. 013/2018: Faste saker

23.10.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller saklista.

Orientering:

Planleggar Roald Aandahl orienterte naturutvalet om alternative forslag til ny vegtrase til Hagabotnane.

Administrasjonen bad om å få eit ekstramøte i desember for å få med handsaminga av anleggsplan for idrett og fysisk aktivitet og overordna ROS analyse.

Utvalet slutta seg til ekstramøte den 4. desember kl. 16.00

Utvalet sitt kvarter:

Sture Tveit (H) etterspurte status og handsaming av forfallen løe i Hagabakkane. Han har varsla inn dette tidlegare og har etterspurt kva tiltak som er gjennomført. A

dministrasjonen orienterte om at meldinga er sendt over til teknisk forvaltning, men at varslet ikkje har blitt følgt opp.

Byggesakshandsamar vil snarast starte sakshandsaming på dette.

Jon Magne Bogevik (Uavh) tok opp:

- Behov for nye bustadtomter no når Lønnebakken og Rolvsvåg begynner å bli selt ut.

Administrasjonen orienterte om at i budsjett/økonomiplan må ein begynne å sjå på muligheit for kva nye område kommunen bør tilrettelegge for.

- Kva er status? Og kva gjer kommunen med Botnahytta som krigsminne ettersom det no ligg føre privatrettsleg avtale mellom grunneigar og hytteeigar?

Administrasjonen orienterte om at hytta er registrert som krigsminne i arealdelen av kommuneplanen. Administrasjonen kan dermed ikkje gje rivingstillatelse om det kjem ein søknad. Ein rivingssøknad vil og verte sendt over til Fylkeskonservatoren og Riksantikvaren til uttale. Riksantikvaren har heimel til å gje eit midlertidleg fredningsvedtak.

- Ved påkøyrse av hjortevilt bør det verte sett i gang ettesøk. Kor skal ein då ta kontakt ?

Landbrukssjefen orienterte om at Os, Bergen og Samnanger har felles ettersøksring. Etter møtet vart det sjekka opp at det er politiet alle skal ringe ved påkøyrse.

NAT- 013/2018 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 014/2018: GBNR 32/4 - Handsaming av klage på konsesjonsvedtak

23.10.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Landbrukssjef Øystein Svalheim orienterte om saka.

Sture Tveit (H)

Sette fram følgjande framlegg: " Klagen vert teke til følgje. Før konsesjon kan gjevast, må grensene for g.nr 32, b.nr. 4 klargjerast. Andre saker som vegrett for g.nr. 32, b.nr 4 må også klargjerast. Ved handsaming av konsesjon må dette gjerast kjent også for eigar av g.nr. 32, b.nr. 7 som har sagt seg interessert i å overta heile eller deler av g.nr. 32, b.nr. 4. "

I røystinga fekk rådmannen si tilråding 1 røyst og 8 røysta for S.Tveit sitt framlegg

For rådmann si tilråding	For Sture Tveit sitt Framlegg
Gunn Petersen (Ap)	Karl Kolbotn (Frp)
	Jon Magne Bogevik (Uavh)
	Sture Tveit (H)
	Ingvild Bogevik (Frp)
	Anja Elisabeth M. Gjerde (BL)
	Martin Haugen (BL)
	Vidar Tveitarås (Ap)
	Gunn Totland Moss (Krf)

NAT- 014/2018 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje.

Før konsesjon kan gjevast, må grensene for g.nr 32, b.nr. 4 klargjerast.

Andre saker som vegrett for g.nr. 32, b.nr 4 må også klargjerast.

Ved handsaming av konsesjon må dette gjerast kjent også for eigar av g.nr. 32, b.nr. 7 som har sagt seg interessert i å overta heile eller deler av g.nr. 32, b.nr. 4.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Aud Norunn Solberg har rettsleg klageinteresse i sak 011/2018 som vart handsama i naturutvalet 06.09.2018.

Klaga vert ikkje tatt til følgje, og sendast vidare til Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§1og 9 og i forvaltingslova § 27.

SAKNR. 015/2018: Forslag til parkeringsplan

23.10.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Byggesakshandsamar Nina Fredriksen orienterte om planen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 015/2018 Vedtak:

Forslag til parkeringsplan skal gje eit grunnlag for vidare arbeid med ein heilheitleg plan for parkeringsregulering i kommunen på offentleg gategrunn og tilgjengelege kommunale parkeringareal. Naturutvalet tilrår at det vert utarbeida ein konkret parkeringsplan og slutte seg til det nasjonale parkeringsregistert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til parkeringsplan skal gje eit grunnlag for vidare arbeid med ein heilheitleg plan for parkeringsregulering i kommunen på offentleg gategrunn og tilgjengelege kommunale parkeringareal. Rådmannen tilrår at det vert utarbeida ein konkret parkeringsplan og slutte seg til det nasjonale parkeringsregistert.

SAKNR. 016/2018: Fastsetjing av planprogram for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet - Kvamskogen**23.10.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Planleggar Roald Aandalh orienterte om alternativa.

Framlegg til vedtak vart samrøyses vedteke.

NAT- 016/2018 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek planprogram i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf § 4-1 for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek planprogram i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf § 4-1 for kommunedelplan Fv-7 Tokagjelet.

SAKNR. 017/2018: Dispensasjon frå byggjegrænse mot vassdrag**23.10.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta saka.

Karl Kolbotn (Frp) orienterte om sitt syn og tok avstand frå skredrapporten og handsaminga av saka. Utvalet bad om dokumentasjon for han sine faglege vurderingar.

Karl Kolbotn (Frp) bad om å få saka utsett slik at han kunne skaffe fram dokumentasjon.

Naturutvalet stemte over utsettingsframlegget, som vart samrøystes vedtok å ikkje utsette saka.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg som vart vedteke med 8 mot 1 røyst.

For rådmann si tilråding	Imot rådmannen si tilråding
Gunn Petersen (Ap)	Karl Kolbotn (Frp)
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Sture Tveit (H)	
Ingvild Bogevik (Frp)	
Anja Elisabeth M. Gjerde (BL)	
Martin Haugen (BL)	
Vidar Tveitarås (Ap)	
Gunn Totland Moss (Krf)	

NAT- 017/2018 Vedtak:

Med heimel i pbl. §19-2 gjes det dispensasjon frå pbl.§1-8 frå byggjegrænse mot vassdrag på gnr/bnr 18/11.

Dispensasjonen vert gjeve på på følgjande vilkår:

- Det skal ikkje byggjast nærere enn 1 meter frå vasstrengen.
- Planeringshøgde skal settjast tilstrekkelig til at kan dokumenterast at det ikkje er risiko for flaum og erosjon.
- Flaumsikringstiltak oppstraums skal vere utført og dokumentert før det kan gjes løyve til bygging på tomta.

Med heimel i pbl.§19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. §1-8, byggjegrænse mot vassdrag på gnr/bnr 18/157, 18/58 og 18/122 for å utføre naudsynte sikringstiltak mot flaum og skred.

Dispensasjonen vert gjeven på følgjande vilkår:

- Sikringstiltak skal utformast og plasserast slik at vasstrengen og kantvegetasjon i minst mogleg grad vert berørt.

Det er i samband med søknad om bygging på avdekt risiko for flaum og skred for fleire tomter i området. Området er allereie utbygd, og det er trong for risikoreduserande tiltak i vasstrengen og kantsone som reduserar risiko til eit akseptabelt nivå. Fordelane med dispensasjon vil her vere langt større enn ulempene.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl. §19-2 gjes det dispensasjon frå pbl.§1-8 frå byggjegrænse mot vassdrag på gnr/bnr 18/11.

Dispensasjonen vert gjeve på på følgjande vilkår:

- Det skal ikkje byggjast nærere enn 1 meter frå vasstrengen.
- Planeringshøgde skal settjast tilstrekkelig til at kan dokumenterast at det ikkje er risiko for flaum og erosjon.
- Flaumsikringstiltak oppstraums skal vere utført og dokumentert før det kan gjes løyve til bygging på tomta.

Med heimel i pbl.§19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. §1-8, byggjegrænse mot vassdrag på gnr/bnr 18/157, 18/58 og 18/122 for å utføre naudsynte sikringstiltak mot flaum og skred.

Dispensasjonen vert gjeven på følgjande vilkår:

- Sikringstiltak skal utformast og plasserast slik at vasstrengen og kantvegetasjon i minst mogleg grad vert berørt.

Det er i samband med søknad om bygging på avdekt risiko for flaum og skred for fleire tomter i området. Området er allereie utbygd, og det er trong for risikoreduserande tiltak i vasstrengen og

kantsone som reduserar risiko til eit akseptabelt nivå. Fordelane med dispensasjon vil her vere langt større enn ulempane.